



Det kongelege landbruks- og matdepartement
Det kongelege kommunal- og distriktsdepartement
Statsrådene

Kommunestyrepolitikarar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/638-

22. januar 2024

Matjord og arealplanlegging i kommunane

Vi er i starten av ein ny kommunestyreperiode. Mange av medlemmane i kommunestyra er nye. Det er mange og store oppgåver som ligg framfor oss. Ei av dei viktigaste er å ta vare på evna til å produsere mat. Mattryggleik og sikring av areal for matproduksjon er blitt høgaktuelt. Vi må difor gjera meir for å redusere nedbygginga av matjorda vår.

Kommunane er lokal planstyresmakt, og har gjennom arealplanlegginga eit stort ansvar for korleis landbruksareala blir forvalta. Vi er opptekne av at kommunepolitikarane er kjende med og nyttar dei moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova til å fastlegge arealbruk ut i frå både overordna mål og lokale prioriteringar. Det viktigaste kommunestyret kan gjere, er å sørge for at kommunen har oppdaterte planar som tar arealutfordringane på alvor. I løpet av det komande året skal kommunestyra vedta nye kommunale planstrategiar, der ein vurderer planbehovet framover. Det er viktig at jordvern blir sett på dagsordenen og prioritert i dette arbeidet.

Stortinget har nyleg vedteke ein ny nasjonal jordvernstrategi, etter framlegg frå regjeringa. Strategien inneheld eit nytt og skjerpna nasjonalt mål for omdisponering av dyrka jord, og nye konkrete tiltak for å nå målet. Dette er eit viktig mål å ta omsyn til i arealplanlegginga.

Jordvern er viktigare enn nokon gong. Noreg har i den seinare tid vore utsett for både flaum og jordskred, og med jamne mellomrom ser vi tørke. Klimaendringane, saman med krig og konflikt i Europa, har vist oss at vi treng god beredskap. Tryggleik for matforsyning er heilt grunnleggjande, og vi må ta vare på dei areala som er eigna til å produsere mat. Totalberedskapskommisjonen har uttrykt det slik: «jordvernets betydning for norsk matsikkerhet er forsterket i lys av den endrede geopolitiske situasjonen, bedre kunnskap om konsekvensene av klimaendringene og andre forhold som kan svekke global matproduksjon.»

Vi har lite god matjord i Noreg på grunn av klima og topografi, og lite tilgang på areal eigna til å dyrke opp. Det er ei utfordring at den beste jorda som regel ligg i område der det er fleire interesser knytt til arealbruk. Gjennom god arealplanlegging, kan kommunane bidra til å ta vare på matjorda. I arealplanlegginga skal mange omsyn vegast mot kvarandre. Vi vil be kommunane vurdere nøye om det er viktige samfunnsomsyn som ligg til grunn når ein går inn for å omdisponere matjord til utbygging, og om ein har vurdert alle alternativ.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 ber regjeringa om at kommunane, når dei reviderer arealdelen i kommuneplanen, vurderer om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til jordvernet. I følgje ein fersk rapport frå Norsk institutt for naturforskning (NINA), er det sett av minst 140 000 dekar dyrka mark til utbyggingsføremål i kommunale planar som enno ikkje er realisert. Det er difor eit stort potensial for å spare dyrka mark ved å tilbakeføre område frå utbyggingsføremål til landbruks-, natur-, friluftsføremål (LNFR). Her er det mogleg for nye kommunepolitikarar å ta grep.

Utgangspunktet er at ein kommune ikkje pliktar å betale erstatning når kommunen endrar arealføremål frå utbyggingsføremål til LNFR-føremål. Så lenge det er gjort ei sakleg og forsvareleg planvurdering, ligg valet mellom ulike arealføremål til det lokalpolitiske skjønnet. Også i tilfelle der ein utbyggjar har hatt prosjekteringsutgifter for å utvikle eit byggjeprojekt i eit område, skal det svært mykje til før kommunen blir erstatningsansvarleg.

Jordvernmålet er sett til maksimalt 2000 dekar omdisponering av dyrka jord per år, og målet skal vere nådd innan 2030. Jordvernmålet er eit nasjonalt mål, og ikkje ei kvote som skal fordelast på kommunar eller fylke. Matjord må sjåast på som ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på for all framtid. Det bør difor ikkje vere eit argument for å omdisponere matjord at kommunen har tilbakeført areal til LNFR-føremål i ein annan del av kommunen.

Oppdyrking av ny jord blir av og til nemnd som eit tiltak som kan gjennomførast når ein vil omdisponere matjord. Det viser seg no at moglegheita til å dyrke opp nye areal er særst av-grensa. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har i ein rapport frå 2023 synt at vi har låge reserver av jord som kan dyrkast opp, og lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Aktiv drift av jordbruksareal kan gjere at det skal meir til før det blir føreslått å omdisponere til utbygging. Vi oppmodar difor kommunane til å handheve driveplikta.

Vi har tiltru til at kommunane i si forvaltning og planlegging følgjer opp det nye jordvernmålet som no er fastsett. Med felles innsats kan vi oppnå mykje.

Med helsing



Geir Pollestad
Landbruks- og
matminister



Erling Sande
Kommunal- og
distriktsminister

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Oslo og Viken
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune